

**Sakshandsamar:**

Margrethe Henden Aaraas
E-post: margrethe.henden.aaras@sfj.no
Tlf: 57 82 50 19

Vår ref.

Sak nr.: 06/1173-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.


1462/07

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 25.01.2007

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Evaluering av Den Kulturelle Skulesekken - uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi viser til tilsendt evalueringsrapport. Hovudutval for kultur handsama denne i sak 3/07 på sitt møte 24.01.07. Det vart fatta følgjande samrøystes vedtak:

”I samband med evalueringa av Den Kulturelle Skulesekken vil Sogn og Fjordane fylkeskommune komme med følgjande uttale:

- Den Kulturelle Skulesekken er ei ordning som skal hjelpe til å utvikle kunst- og kulturfagleg kompetanse på alle nivå. Sogn og Fjordane fylkeskommune kjenner seg ikkje att i den spenninga mellom skule- og kultursektor som evalueringa peikar på.
- Ordninga må vidareutviklast i eit samspel mellom kommunar, kulturinstitusjonar, fylkeskommunar/regionar og statlege organ. M.a. må Rikskonsertane sitt skulekonserttilbod fullt ut integrerast i DKS-satsinga.
- Medan staten trekkjer opp dei overordna visjonar og mål for ordninga, vil fylkes-/regionsnivået vere eit effektivt samordnings- og utviklingsnivå for ordninga. Innan ramma av dei nasjonale føringane må det må vere stort rom for regionale-/lokale tilpassingar av ordninga.
- Med innføringa av Den Kulturelle Skulesekken har skulane vorte vitalisert som kulturarena. Dette må følgjast opp med satsing på kunst- og kulturfagleg kompetanse i skuleverket.
- Gjennom samarbeid lokalt/regionalt vil vektlegginga mellom ulike formidlingsformer (monologisk og dialogisk) tilpassast ønskje og behov. I Sogn og Fjordane har begge formene med hell vore nytta. Vi ser ikkje at det er grunnlag for å kritisere bruk av monologisk formidling framfor dialogisk formidling då vi meiner det er eit mål at elevane skal oppleve formidling av kunst- og kultur på ulike måtar.
- Det sentrale sekretariatet sitt mandat og oppgåver må drøftast og justerast slik at dette på ein betre måte vert i stand til å bidra med støtte til det fylka etterspør.
- Det er av interesse at ordninga vert utvikla til også å omfatte barnehage og vidaregåande skule. Sogn og Fjordane har røynsler frå barnehagekonsertar gjennom mange år, og vi



deltek gjerne i drøftingar og utprøvingar om utviding av ordninga både i høve barnehagane og vidaregåande skuleverk.”

Vedlagt følgjer også saksutgreiinga frå fylkesdirektøren til hovudutvalet.

Vi vonar våre innspel vil bli tekne med i det vidare arbeidet med å utvikle ordninga med kulturformidling til barn og unge i skuleverket.

Med helsing

Nils R. Sandal

Nils R. Sandal
fylkesordførar

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Kultur- og kyrkjedepartementet Postboks 8030 Dep 0030 OSLO

Kopi til:

ABM-utvikling, Postboks 8145 Dep, 0033 Oslo

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger

Høgskulen i Sogn og Fjordane, Postboks 133, 6851 Sogndal

KS i Sogn og Fjordane, Postboks 321, 6801 Førde

Styringsgruppa for Den Kulturelle Skulesekken i Sogn og Fjordane (Bjørn Tønnesen, Rasmus Stokke, Gudmar Eikenes, Håkon Finland, Ingebjørg Erikstad).